



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Trøndelag fylkeskommune
Fylkets hus
7735 Steinkjer

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201845692-122	05.05.2021	121282/2021/100	Johnny Loen, 71 28 02 43	02.09.2021

Trøndelag fylkeskommune - regional plan for arealbruk - fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld eit framlegg frå Trøndelag fylkeskommune om regional plan for arealbruk.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Vi registrerer at tema og tilnærming som Trøndelag synleggjer i sitt planframlegg, samsvorar godt med tema og tilnærming i vår nye fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader, som er under utarbeiding. Slik sett vil dykkar arbeid også kunne vere inspirasjon og gi konkrete tips inn i vårt arbeid.

Vi har ikkje i detalj gått gjennom forslaget, og har ikkje vesentlege merknader.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur